

---

Saknr: 2023/81128-335  
Saksbehandlar: Mona Mellingen  
Dato: 16.06.2026

---

---

**Til:** Fylkestinget

---

**Frå:** Fylkesordførar

---

## Svar på spørsmål frå Spissøy (UA) - ang Juridisk seksjon ved Søfteland sin politianmeldelse av folkevald repr Spissøy

Representanten Bente Spissøy (UA) har meldt inn følgjande spørsmål til fylkestinget 16.-17. juni:

Innleiingsvis vert det vist til at seksjonsleiar for juridisk seksjon, Bertil Søfteland, som også er juridisk sjef og leiande advokat i Vestland fylkeskommune, ikkje har politimeldt Bente Spissøy. Det er politiet sjølv som har gjort dette. Vestland fylkeskommune har hatt dialog med Vest politidistrikt om saka frå mars for å få råd om handtering.

1) Kvifor skriv Søfteland til representanten Spissøy den 23 mars etter arbeidstid, og dagen før tingsete, at Fylkesdirektør ikkje vil tillata dei relevante, reelle og potensielle juridiske falsum vedleggjast fråsegna?

**Svar:** Det var fleire årsaker til at seksjonsleiar juridisk seksjon informerte om at fylkesdirektør ikkje fann å senda ut vedlegg til fråsegna frå representanten Spissøy. For det fyrste ynskja ikkje fylkesdirektør å vidareformidle vedlegga til fråsegna, då dokumenta vart vurderte å truleg stamme frå politisaka. Politidokument er ikkje tillatt å dela jf. Straffelova §209, om brot på teieplikta. Privatpersonar som deler dokument ein har fått frå ulovleg frå andre kan og bli ramma. For det andre vurderte juridisk seksjon at det var mogleg brot på privatlivets fred og personvernet til det avdøde barnet, og rekna som krenkande for barnet sin integritet å dela vedlegga (bilete av eit avdødt barn og obduksjonsrapport). Det vart og vurdert å kunne vere støytande for mottakarane å ta imot dei sær sensitive bileta og dokumenta i samband med eit politisk møte.

2) Kva for ein konkret lov og paragraf meiner Juridisk Leiar at Folkevalde Bente Spissøy har forbrote seg mot i gjeldsande Fråsegn med vedlegg? Dette svarte ikkje Søfteland på den 23 mars etter arbeidstid.

**Svar:** Det er ikkje tillatt å dela politidokument jf. Straffelova §209, om brot på teieplikta straffelova § 267 om privatlivets fred. Privatpersonar som deler dokument ein har fått ulovleg frå andre kan og bli ramma. Juridisk seksjon vurderte at det var mogeleg brot på personvernet og rekna som krenkande for det av avdøde barnet sitt integritet å dela vedlegga (bilete av eit avlidde barn og obduksjonsrapport). Mogleg brot på personopplysningslova, då ein må ha rettsleg grunnlag for å kunna dela personopplysningar om andre. Familien til det døde barnet kan truleg ikkje gje samtykke til at sær sensitive og krenkande opplysningar og bilete av barnet vert delt.

3) Kva er grunnen til at juridisk avdeling ved VLFK, ved Juridisk Leier Bertil Søfteland ber ei av sine medarbeidarar, om å Politianmelde Folkevald Bente Spissøy for å ha vedlagt relevante, reelle og potensielle juridiske falsum, til ei Fråsegn om å vurdere opning av mordetterforsking nettopp basert på dei relevante, reelle og potensielle juridiske falsum vedlagt fråsegna?

**Svar:** Seksjonsleiar for juridisk seksjon bad advokat i juridisk seksjon Mona Mellingen kontakte Vest politidistrikt for å informera om den sær krevjande situasjonen som oppstod, etter at e-post

adresser hos Vestland fylkeskommune vart nytta til å senda ut mogleg ulovleg materiale. Ikkje berre vart det vurdert at vedlegget til fråsegna moglegvis var i strid med dei interne retningslinene for bruk av e-post i Vestland fylkeskommune, men kanskje og rettsstridig. Advokat Mona Mellingen vart ikkje beden av seksjonsleiar Bertil Søfteland om å politimelde representanten Bente Spissøy og det vart heller ikkje gjort. Vest politidistrikt valde på eige initiativ å melda representanten Bente Spissøy.

4) Kvifor melder Søfteland til politiet etter initial melding at Juridiska Seksjon ved leiar ikkje vil stå som fornærma i politimeldinga?

**Svar:** Det er det avdøde barnet som er den fornærma i dette samhenget og ikkje Vestland Fylkeskommune. Det var på den bakgrunnen ikkje naturleg at Vestland fylkeskommune politimeldte forholdet. Vest politidistrikt valde på eige initiativ å politimeldte representanten Bente Spissøy for forholdet.

5. Kvifor melder Søfteland at Juridisk seksjon ved leiar vil vera vitne og ikkje fornærma?

**Svar:** Vestland Fylkeskommune er ikkje den fornærma i denne saka. Det er det avdøde barnet sine personopplysningar og integritet som er vorte krenkt ved delinga av vedlegga til fråsegna frå representanten Bente Spissøy.

6) Eit barn av Vestland vart fjerna frå foreldra sine på eit sviktande og mangelfullt grunnlag i 2014? Dette barnet har vorte myrda (som først informert), og drapet er ikkje etterforska. Etter Monika saka i Bergen sa eit einstemming Storting av alle uventa og unaturlege dødsfall blant barn og unge skulle etterforskast av KRIPOS for å utelukka drap.

a. Kven skal få gjenopna denne saka om ikkje politikarane i Vestland Fylkesting?

**Svar:** Fylkestinget har ingen formell juridisk myndigheit til å gjenopne ei straffesak. Det er det berre påtalemakta som kan.

b. Kven har til sjuande og sist ansvar for barn og borgarar av Vestland som vert utsett for urett?

**Svar:** Ansvaret er delt, men det overordna ansvaret ligg hjå staten.

7) Korleis meiner Juridisk Leiar og Fylkesdirektør at deira forsøk på hindring av det politisk arbeidet til ein Folkevald, står seg i forhold til det politiske mandatet til Fylkestingets representantar:

a. Kommuneleva §5-3 (vareta interessene til innbyggjarane/reagera på moglege lovbrøt eller kritikkverdige forhold/innhenta relevant informasjon)

b. Forvaltningslova §17 (Saker skal vera tilstrekkeleg opplystm før vedtak)

c. Innbyggjar perspektivet (demokratisk ansvar) Sjølv om Fylkestinget ikkje er ein domstol, har det ei rolle i å løfta fram saker der innbyggjarar kan ha vorte utsette for urett/be om gjennomgang eller gransking.

**Svar:** Verken fylkesdirektør eller juridisk seksjon har prøvd å hindra det politiske arbeidet til ein folkevald representant. Juridisk seksjon har reagert på og meldt frå til rette styresmakt, om mogleg brot og kritikkverdige forhold overfor eit avdød barn i Vestland Fylkeskommune, som ikkje sjølv kan vareta sine eigne interesser.

8) Det kan ikkje umiddelbart utelukkast, at Juridisk leiar Bertil Søfteland og også andre juristar i juridisk seksjon VLFK, har personleg kjennskap til dommarane i Vestland som har vore involvert i saka igjennom fleire rettsinstansar og dommaravhøyr?

**Svar:** Det vert avkrefta at seksjonsleiar for juridisk seksjon Bertil Søfteland eller advokat Mona Mellingen, som er dei som har vore involvert i denne saka ved juridisk seksjon, har personleg kjennskap til dei hos politi- og påtalemakta som har vore involvert i handsaminga av saka.

9. Har disse eventuelle personlege kjennskapane til involverte dommarer, verka inn på meldinga av fylkestings-representant Spissøy?

**Svar:** Verken seksjonsleiar for juridisk seksjon Bertil Søfteland eller advokat Mona Mellingen, som er dei som har vore involvert i denne saka, har personleg kjennskap til dommarane om har vore involvert i saka. Det er ikkje Vestland fylkeskommune som har politimeldt. Det er Vest Politidistrikt som har politimeldt Bente Spissøy.

10. Er dette eit forsøk frå administrasjonen si side, å hindra at Shada Al-Bharouti saka finn ei politiske løysing, som Monika-saka gjorde i 2011?

**Svar:** Administrasjon i Vestland fylkeskommune er upolitisk og har ikkje nokon eigen agenda i saka.

---

Svar på spørsmål er utarbeidd med knapp tidsfrist. Dette inneber at omfang og kompleksitet i svara er tilpassa Vestland fylkeskommune si vedtekne regulering av skriftelege interpellasjonar og spørsmål.